

# IT-forum Vest

## Handlingsplan og budsjett 2021 - 2022

Framlegg til årsmøtet IT-forum Vest 18. mars 2021

### 1. Kort om IT-forum Vest


IT-forum Vest har følgjande føremål:

*«Foreininga sitt føremål er å arbeide gjennom eit breitt samarbeid for sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentlig sektor, opplæring, utdanning og forskning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.»*

I 2021 er følgjande organisasjonar medlemar og utgjer representantskapen i IT-forum Vest:

- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Sogn og Fjordane energi
- Helse Førde
- Innovasjon Norge Vestland
- Digitaliseringsdirektoratet
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sparbanken Vest
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Sogndal fotball AS
- KS Vest-Norge
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Eninvest AS
- Sognenett AS
- Bergen Fiber AS
- Vestlandsforskning

Hovedaktivitetane i IT-forum har vore knytt til følgjande struktur og aktivitetar prioriterte på årsmøtet i mars 2020:



Covid-19-pandemien fekk stor verknad på aktivitetane i 2020. Fysiske samlingar, seminar og konferansar vart i stor grad utsett og avlyste. Både offentleg sektor og næringslivet har vore sterkt prega av pandemien. Arbeidet har vore knytt til å arbeide med å konsolidere og vidareføre aktivitetar der IT-forum Vest har arbeidd med område ikkje andre dekkar og der me allereide har interesse og respons i regionen. Nye større satsingar har ikkje kome fram i 2020, men må no løftast fram.

I 2020 var det særleg tre område der me framleis såg stor aktivitet og behov for å utvikle og vidareføre breie samarbeidstiltak:

1. Digital infrastruktur / breiband
2. Velferdsteknologi
3. Rekruttering og mangfald

Grunna covid-19-pandemien har det vore liten aktivitet i gruppa «Oppvekst og utdanning». Skuleverket har vore under stort press i 2020, og det har vore liten tid til å prioritere dette arbeidet. Men gruppa ønskjer å halde fram arbeidet når situasjonen normaliserer seg. Gruppa har dei seinare åra hatt ein stor årleg konferanse i Loen som har samla eit stort tal deltakarar og har også gitt IT-forum god profilering. Konferansen var ikkje muleg å halde i 2020, men det er grunn til å tru at denne vil fortsetje når situasjonen har normalisert seg.

Innhaldet i gruppa Digitaliseringsnettverk er no i all hovudsak teken over av kommunesamarbeidet Digi Vestland leia av Bergen kommune. Aktiviteten i denne gruppa kan derfor avviklast i sin noverande form. Dei to tilgrensande aktivitetane digital infrastruktur / breiband og velferdsteknologi blir ikkje dekkja av andre samarbeid, og deltakarane gir klare signal om at det er behov for å vidareføre desse tematiske aktivitetane.

## 2. Prioriterte hovedområde framover

Utfrå erfaringane frå det første året med ein større Vestlandregion, kva delområde som blir sett på som viktige arbeidsområde vidare og kva som bør bli nye satsingar blir følgjande delområde føreslegne for vidare arbeid:

1. Digital infrastruktur/breiband (vidareføring til heile Vestland)
2. Velferdsteknologi (vidareføring til heile Vestland)
3. Rekruttering og mangfald (utgangspunkt i oppfølging av IT-utdanninga Campus Førde)
4. Oppvekst og utdanning (vidareføring når covid-19 er «normalisert»)
5. Næringsssatsing (ny satsing)

### Arbeidsområde 1: Digital infrastruktur/breiband i Vestland

Koronapandemien har med endå større tydelegheit vist at godt breiband er avgjerande viktig for både næring, skule og offentlege oppgåver, og det er særskild viktig at alle i Vestland får eit godt breibandstilbod.

Mange kommunar er no ferdige med breibandutbygging (fast breiband til næring og til heimen) etter mange år med stor felles innsats. Men dei som enno har att område med dårlege løysingar, er kome i ein endå vanskelegare situasjon når no arbeidsliv, skule og anna aktivitet i endå større grad enn før føregår digitalt.

Både kommunane, som ikkje er ferdig med utbygging, og næringsliv, særleg leverandørane, er aktive og uttrykker klart behov for vidare arbeid med temaet gjennom IT-forum Vest. Leverandøren Bergen Fiber har meldt seg inn i IT-forum Vest, og viser også til at det er ingen andre som tek tak i dette temaet i Vestland. Til dømes er det også innanfor Bergen kommune sine grenser breibandproblem som ingen andre følgjer opp.

#### Framlegg til delaktivitetar:

1. Arbeid i med å løfte fram regionale eksempel på viktigheita av breiband både i dagens situasjon og i eit arbeidsliv som truleg blir endra etter pandemien.
2. Følg opp dei attverande kommunane sitt arbeid med å lage enkle strategiar/planar for ferdigstilling av restområder med dokumentasjon av behov, tidsplanar og finansieringsbehov i kvar kommune. Her finst det allereide gode eksempel frå Gloppen kommune og nyleg frå Høyanger kommune. Gjennom samarbeidet Nasjonalt Breibråd er det også utarbeidd ein eigen mal for slik dokumentasjon og planlegging. Dette arbeidet må ferdigstilast i heile Vestland for å dokumentere både lokale og totale regionale kostnader og tidsplanar. Utlysingane av nye prosjektmidlar i Vestland vil etter planen ha frist mai 2021, og kommunane bør ha oppdatert sine planar til dette.
3. Utfrå planane for restutbygging i kommunane ovanfor, følg opp saman med kommunane at Telenor sine planar for nedlegging av koparnettet innan 2023 blir

mest muleg tilpassa kommunane sine planar om utbygging. Her kan det og vere behov for oppfølging ved feil og utfall i nettet før nedlegging av koparnettet.

4. Formidle behov og ha dialog med leverandørane i regionen for å sikre effektiv iverksetting av utlysingar og oppfølging av tildelte midlar. Det er nødvendig å planlegge med eit årshjul i samhandlingen mellom kommunane og leverandørane der det kvart år kjem ny nasjonale midlar til breibandutbygging, desse blir lyst ut for nye prosjekt lokalt, etter vedtak om nye prosjekt skal desse i sin tur lysast ut med anbud, kontraktsforhandlingar og iverksetting. Effektiv utbygging krev effektiv samhandling og god kunnskaps- og erfaringsformidling.
5. IT-forum Vest har spelt inn behov for å utvikle ein ny/oppdatert strategi for breiband tilsvarande som tidlegare gjennomført i tre periodar i Sogn og Fjordane. Desse «breibandstrategiane» var svært viktig for å mobilisere politikarane i Sogn og Fjordane, og for å få ein samla oppslutning om både å prioritere arbeidet og å løyve vesentlege supplerande finansiering frå fylket. Vestland fylkeskommune har no invitert IT-forum Vest til å vere med i eit slikt arbeid, og vi er i dialog med aktuell avdeling i Vestland fylkeskommune. Arbeidet vil bli knytt til aktuelle planprosessar som den nye planen for innovasjon og næringsutvikling.
6. Arbeide vidare med påverknad av nasjonale styresmakter for å sikre finansiering til breibandutbygging, og sikre opne og rettferdige kriterier for tildeling av midlar. Dei siste åra har Vestland kome relativt dårlegare ut i nasjonale tildelingar samanlikna med det Sogn og Fjordane oppnådde i perioden 2014-2018. 2014-2017 var det nasjonal konkurranse der Sogn og Fjordane hevda seg svært bra. Frå 2018 vart midlane fordelt mellom fylka etter kriterier fastsett av departementet. I 2018 var utteljinga bra, men frå 2019 har det vore, relativt sett, vesentleg dårlegare. Utbygginga i Sogn og Fjordane i 2019/2020 vart redda av svært engasjerte og positive fylkespolitikarar med ekstraordinære løyvingar. Dette er no historie. I Vestland er det no 22 mill. kr frå statlege midlar til utlysing for delfinansiering av nye prosjekt i 2021.
7. IT-forum Vest må utvikle ei systematisk oppfølging av utfordringar knytt til mobilnettet i regionen. Det er store området med svak eller dårleg dekning. Mobilleverandørane gjennomfører no ei stor utbygging av 5G nettet i Norge, men det er ei rekkje spørsmål knytt til kvar og når det kjem i heile regionen. Her er det og no spørsmål knytt til statleg finansiering til Telenor og Telia, og konsekvensar for Vestland. Her er det aktuelt å kople på Fylkesberedskapssjefen i arbeidet.

## Arbeidsområde 2: Velferdsteknologisamarbeid i Vestland

Velferdsteknologi er blitt ei hovudsatsing med stor interesse og engasjement frå heile fylket, store økonomiske effektar for kommunane og potensiale for næringsutvikling og høg profilering av fylket.

Samarbeid med miljøa i gamle Hordaland har vore i gang i heile 2020, og dei to tidlegare prosjektsatsingane i Sogn og Fjordane og Hordaland er no heilt integrerte. Det nye prosjekt har både sikra og vidareutvikla faglege aktivitetane utfrå visjonen: «Alle innbyggjarane i Vestland fylke skal kunne bu trygt og lengst muleg heime med velfungerande tenester støtta av velferdsteknologi».

Velferdsteknologi, avstandsoppfølging og andre digitale verktøy har i løpet av 2020 vist seg å vere til stor nytte i kritesituasjonar som Covid-19-pandemien ved å bidra til å tryggare brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell. Covid-19-situasjonen har til fulle vist det store potensialet og nytten av e-helse og velferdsteknologi.

### Samarbeid og arbeidsdeling med Digi Vestland

Prosjektsamarbeidet har sidan starten hatt som mål å samarbeida med og bygge på andre aktuelle prosjekt og initiativ i Vestland, der dei to viktigaste tilgrensande satsinga for kommunane er Digi Vestland og KS e-komp. Vi har gitt signal om at vi ønskjer å samordna og ha dialog med desse satsingane for å utvikle samarbeid og arbeidsdeling. Prosjekteigar i velferdsteknologiprojektet finansiert av Fylkesmannen/Statsforvaltaren i 2020, Sunnfjord kommune, tok formell kontakt med styringsgruppa i Digi Vestland rett etter prosjektstart i 2020, og bad om at det vart oppnemnd felles medlemmar i styringsgruppene i prosjekta (styringsgruppe av prosjektdeltakarane). Kommunal-direktøren i Sunnfjord kommune er deltakar i styringsgruppa i Digi Vestland. Prosjektet har også samarbeid med spesialisthelsetenesta gjennom deltaking frå Helse Bergen, Helse Førde og Helse Vest IKT.

Satsinga i velferdsteknologiprojektet konsentrerer innsatsen om brukarsida, ikkje tekniske komponentar og infrastruktur. Prosjekt arbeider med brukarsida både hjå fagbrukarane i kommunane og sluttbrukarane ute i lokalsamfunna. Hovudinnhaldet er tenesteutvikling og omstilling, opplæringstiltak i kommunane, dialog med brukargruppene i lokalsamfunnet, felles evaluering og kunnskapsutvikling og dermed også i stor grad kunnskapsutveksling mellom eit stort tal kommunar i nye Vestland. Målet er at tenestetilbodet skal vera mest mogeleg brukartilpassa, effektivt, av god kvalitet og i samsvar med nasjonale føringar over heile Vestland fylke. Det blir ikkje lagt opp til anskaffing av utstyr/plattform.

#### Framlegg til delaktivitetar:

1. Arbeidet fortset og blir forsterka gjennom å involvera alle dei 43 kommunane i Vestland fylke i løpet av 2021 og med Sunnfjord kommune som formell prosjekteigar. Arbeidet blir og forsterka av breitt samarbeid med dei aktuelle fagmiljøa i Vestland med Høgskulen på Vestlandet, Senter for Omsorgsforskning, Helse Vest IKT, Helse Førde, Helse Bergen, USHT Sogn og Fjordane, USHT Hordaland og Vestlandforskning.

2. Vidarefør arbeidet utfrå ein samla plan fram til 2025 og utvikle eit partnerskap mellom dei involverte partane for å gjere Vestland til ein kraftregion innanfor temaet (herunder også utvikle arbeidsdelinga med Digi Vestland).
3. Supplere og forsterke effektane initiert av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet i kommunane som no er forlengs ut 2021. Og i tillegg arbeide for nye nasjonale midlar til vidareføring av satsinga etter 2021. Arbeidet er stort og krevande og langfrå ferdig.
4. Vidareføre og forsterke arbeidet for digital heimeoppfølging i nært samarbeid med sjukehusa og kommunane i samband med dei nye helsefelleskapa sitt arbeid. Samarbeid med «utadvende sjukehus» og då særleg Stadt kommune som er nasjonal pilot.
5. Vidareføre og forsterke arbeidet nye responstenester starta i 2020. Alle kommunar må, som del av velferdsteknologisatsinga, velge løysingar på mottak av signal/alarmar. Kommunane står i utgangspunktet fritt til å velge løysing og i alle fall 5 ulike modellar er i drift i Vestland. Alarmsentralen i Florø og Bergen og Alvær kommune er med.
6. Forsterke satsing velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne
7. Vidareføre og forsterke dialogen om kunnskapsbehov og erfaring mellom utdannings- og opplæringsinstitusjonane og kommunane for å bidra til å vidareutvikle opplærings- og utdanningstilboda og der gjennom auke tilgangen på kvalifisert personell til kommunane.

### **Arbeidsområde 3: Rekruttering og mangfald i teknologisk arbeidskraft i regionen**

It-forum var avgjerande i mobilisering for og i den første utviklinga av den nye IT-utdanninga på Campus Førde. Utdanninga er no inne i sitt tredje år og er avgjerande viktig for utviklinga ved Campus Førde. Det er særst viktig å sikre at denne satsinga blir vellukka og at det blir utvikla godt samarbeid med næringsliv og regionen elles. Innsatsen for rekruttering saman med lokalt næringsliv blir vidareført. Regionen har stort behov for teknologisk arbeidskraft, og ei betre rekruttering frå alle potensielle arbeidsgrupper har høg prioritet.

#### **Framlegg til delaktivitetar:**

1. Vidareføre arbeid for rekruttering av jenter, kvinner og innvandrarar for å gje eit større mangfald av studentar, lærar og rettleiarar i oppfølgingsaktivitetar
2. Nytte resultat frå prosjekta Kvinneløftet – FixIT og Teknoløft SFj og for å gjennomføre informasjons- og motivasjonsopplegg for breiare rekruttering
3. Kople bidrag frå næring og forvaltning i regionen inn i studentjobbar, gjesteforlesingar og studentoppgåver for å gjere utdanninga so relevant som muleg og skape best muleg studentmiljø

4. Bidra med arbeidsinnsats og profilering i eit spleiselag med regionalt næringsliv, offentlege partnerar og Høgskulen på Vestlandet.

## **Arbeidsområde 4: Ny næringsretta satsing**

Med auka finansiering kan IT-forum Vest satse på å utvikle ei næringsretta satsing der me kan bygge på eksisterande fortrinn, eksisterande nettverk og prioriteringar.

Partnerskapsfinansieringa frå Vestland fylkeskommune er også knytt til at IT-forum Vest prioriterer aktivitetar som støttar opp om næringsutvikling og nyskaping.

### **Velferdsteknologi og ehelse som særleg fortrinn**

Velferdsteknologi er ei hovudsatsing med stor interesse og engasjement frå heile fylket, store økonomiske effektar for kommunane og stort potensiale for næringsutvikling og høg profilering av fylket. Dette er det nærast satsingsområdet for IT-forum Vest der me kan bygge på eksisterande fortrinn, nettverk og prioriteringar.

I løpet av 2021 vil truleg alle 43 kommunane i fylkes vere med, og arbeidet har ein langsiktig plan til 2025. I tillegg til kommunane er det allereide utvikla eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Senter for omsorgsforskning, Utviklingssentra for SFj og for Hordaland (USHT), Helse Vest IKT og nasjonale samarbeidspartnarar.

I tillegg har «Helsenæringsmeldinga» peika på stort potensiale for utvikling av helsenæring gjennom samordning og stimulering frå offentleg sektor (Meld. St. 18 (2018–2019) «Helsenæringen — Sammen om verdiskaping og bedre tjenester»). Offentlege innkjøp er ein stor og viktig marknad for verksemdene, og dette har også stort potensiale for å stimulere regional innovasjon og entreprenørskap utfrå gode bestillar og god kunnskap i offentleg sektor. Her har Vestland no er fortrinn som må utnyttast.

### Framlegg til delaktivitetar:

1. Bygge på det store og breie samarbeidet om velferdsteknologi som er utvikla gjennom 8 år i SFj og som no er blitt ei Vestlandssatsing saman med tilsvarande nettverk i Hordaland sidan 2019. Vidareutvikle spin-off frå dette arbeidet til ei næringsretta satsing.
2. Bygge på velferdsteknologisatsinga der kommunane skal bidra med kunnskap og bestillarkompetanse frå fagbrukarane i kommunane og sluttbrukarane ute i lokalsamfunna. Kommunane er involvert i tenesteutvikling og omstilling, opplæringstiltak, felles evaluering og kunnskapsutvikling, og det vil vere eit unikt grunnlag for behovsdefinisjon.
3. Viktige partnerar for å utvikle samarbeid er Alrek helseklynge Bergen der både Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen er med og ny satsinga på Verftet i Førde i regi av Høgskulen på Vestlandet. Norwegian Smart Care Cluster med

base i Stavanger er også involvert i satsingane. Til saman gir dette store nettverk og samarbeid på tvers av næringsliv og lokal og regional sektor.

4. Utvikle bedriftssamarbeid utfrå at regionen allereide har ei rekkje verksemder som utviklar spesialutstyr for bad, betalingsløysingar, pasientsystem, opplæring, droneflyging med blodprøvar, utstyr smarthus løysingar for pasientmedverknad/respons mm.
5. Starte satsing med dialogmøte med verksemdene for å kopla dei på satsinga, nokre har allereide vore med på ulike aktivitetar
6. Bruke aktuelle verkemiddel dialogkonferansar, innovative innkjøp i kommunane, demolab/demoleilegheiter i kommunane, kopling på utdannings- og FoU-institusjonane
7. Arbeide fram søknad til Pilot Helse-utlysinga i Norges Forskingsråd til 5. mai. Dette er ei stor nasjonal satsing innanfor detta temaet der det no er lyst ut forprosjektmidlar med frist 5. mai for å utvikle større satsingar. Forprosjekta skal lede til hovedprosjekt med støtte på 10-15 mill. kr. Me har allreide fått førespurnad frå HVL og Bergensmiljøet om samarbeid, og det har vore innleiande møte med både Bergensmiljøet og med Helse Førde.



### 3. Budsjett og finansiering

IT-forum Vest har bygd aktivitetane rundt ein finansieringsmodell der kvar medlem av representantskapen bidreg med kr 20.000 i kontingent pr. år.

IT-forum arbeider med initiering og samordning av strategiar, handlingsplanar, oppfølging og støtte til arbeidsgrupper og nettverk og initiering og iverksetjing av felles utviklingsprosjekt.

Vidare arbeider IT-forum Vest med å profilere fylket og for at finansiering og satsingar frå nasjonalt nivå kjem Vestland til gode. Utfrå desse aktivitetane har IT-forum fått ein partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune der fylkeskommunen bidreg med 1 mill. kr pr år i 2021 og 2022.

<b>Budsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
1. Administrasjon, profil og generell oppfølging	250.000	300.000
<u>Særlege satsingar</u>		
2. Digital infrastruktur	300.000	200.000
• Ferdigstilling planar kommunane		
• Nasjonal og regional formidling		
• Breibandstrategi Vestland		
• Mobilnett og beredskap		
3. Rekruttering & mangfold	300.000	300.000
• Oppfølging rekruttering IT-utdanning		
• Tiltak jenter/kvinner		
4. Forsterka næringsatsing utfrå velferdstek.	400.000	500.000
• Dialogmøter bedrifter		
• Utvikling fellessatsing med kommune prosjekt		
• Utvikling Pilot Helse satsing		
5. <u>Utlegg reiser, fagtur, møter, mm</u>	<u>50.000</u>	<u>100.000</u>
Totalt	1.300.000	1.400.000

Dette budsjettet gir no grunnlag for ei forsterka satsing på formidling og profilering, og for å utvide arbeidet i IT-forum Vest med fleire personar både for formidling og for dei særlege satsingane. Sekretariatet vil bli utvida frå to til tre personar som skal drive arbeidet.

#### **Finansiering**

Partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune	1.000.000	1.000.000
Kontingent medlemmane i IT-forum Vest	300.000	400.000
Total finansiering	1.300.000	1.400.000

Eigeninnsatsen blir dekkja av medlemskontingentane.

Med kr 20.000 pr medlem må vi ha 15 medlemmar i 2021. Og 20 medlemmar i 2022.